

Pressemelding, 19. juli 2016

Hovudopptaket til høgare utdanning 2016

Samordna opptak (SO) sender ut 91 773 tilbud om studieplass i hovudopptaket. Dette er 2 789 fleire tilbud enn i 2015, ei auking på 3 %.

Av 131 124 søkjarar, er 112 492 kvalifiserte for minst eitt studium (+5,9 % frå 2015). Av dei kvalifiserte søkjarane har 81,6 % fått tilbud om studieplass. Til samanlikning var prosentdelen i 2015 83,8 %. Mellom dei som får tilbud om studieplass, får 55 415 (60,4 %) tilbud på sitt høgast prioriterte studieønske. Dette er ei endring frå 2015, der tilsvarande tal var 55 034 (61,8 %).

– 91 773 søkjarar har fått tilbud om studieplass i hovudopptaket. Vi er fornøgde med å kunne sende ut tilbud til så mange av dei som har søkt høgare utdanning gjennom Samordna opptak, seier Geir Sverre Andersen, avdelingsleiar i Felles studieadministrativt tenestesenter.

I årets hovudopptak blir 37 278 av tilboda gitt til menn, medan 54 495 tilbud blir gitt til kvinner. Dette gir ein kvinneandel på 59,4 %, - ein marginal nedgang frå 2015 (59,9%).

75,6 % av årets søkjarar har elektroniske vitnemål lagra i Nasjonal vitnemålsdatabase (NVB). Det totale talet på importerte vitnemål i NVB i 2016 er 57 454. Dette gir grunnlag for automatisk kvalifisering og poengberekning av søknader, og ei raskare og meir sikker søknadsbehandling.

Overbooking

Det blir sendt ut fleire tilbud enn det talet studieplassar som er planlagt. Ut frå erfaring ser vi at mange takkar nei til studieplassen eller møter ikkje opp ved studiestart. For å få fylt opp studieplassane, er såkalla "overbooking" naudsynt på mange studium.

I 2015 var det 69,5 % av søkjarane som svarte ja til tilbodet, og 60,1 % som til slutt blei registrert som møtt. Det er i år planlagt 54 534 studieplassar, 784 fleire enn i 2015.

Endringar frå 2015

Det er størst prosentvis auking i tilbud innan pedagogiske fag (+ 23,7%), landbruks- og havbruksfag (+ 11,4%), informasjonsteknologi (+8,1%) og språkfag (+ 7,0%). For lærarutdanningane ser vi at det er ein nedgang i talet på tilbud for GLU 1-7 (-13,5%) og GLU 5-10 (-2,1%).

Svar på tilbud i hovudopptaket

Søkjarar som har fått tilbud om studieplass eller ventelisteplass, har frist til 26. juli med å svare på www.samordnaopptak.no Dersom ein ikkje har svart innan fristen, blir dette sett på som nei-svar.

Ledige studieplassar

Oversikt over studium med ledige plassar blir lagt ut på nettsidene våre tysdag 19. juli klokka 09.00. Det er mogleg å søkje på studia frå 20. juli kl. 09.00. Alle kvalifiserte søkjarar kan søkje på ledige studieplassar, uavhengig om dei har søkt tidlegare i år.

Kontaktinformasjon

Meir informasjon om søking til høgare utdanning får du ved å kontakte lærestadane eller Samordna opptak: <http://www.samordnaopptak.no/info/kontakt/>
Statistikk for hovudopptaket 2016 blir lagt ut tysdag 19. juli klokka 11.00 på <http://www.samordnaopptak.no/info/om/sokertall/sokertall-2016/index.html>